

### Ny fylkesleiar i Senterpartiet

Olav Urdbø frå Tokke er innstilt som ny leiar i Telemark Senterparti. Han overtek for Anne-Nora Oma Dahle som takkar nei til attval. Oma Dahle har vore fylkesleiar i fire år. Urdbø rykkjer opp frå plassen som første nestleiar. Åslaug Sem-Jacobsen Notodden er innstilt som ny første nestleiar, medan

Torunn Brukåsa Kleiva er innstilt til vervet som andre nestleiar. Fylkesårsmøtet er blir arrangert fredag 12. og laurdag 13. februar i Vrådal. Stortingsrepresentant Per Olaf Lundteigen skal innleie til politisk debatt med temaet den politiske situasjonen. Anne Enger og John Dale kjem også til årsmøtet.

### Lundeng tok folkemusikk-prisen

Bøheringen Per Anders Buen Garnås var nominert til Spellemannprisen 2015 i klassen folkemusikk/ tradisjonsmusikk for si siste plate "Greinir". Det var likevel Susanne Lundeng juryen plukka ut som vinnar. Utgjevinga hennar heiter "111 Nordalsslått - Hilsen Susanne Lundeng". Andre nominerte i klassen var Aastad Bråten: "Til Ragna", Nils Økland Band: "Kjølvatn" og Østerdalsmusikk: "Østerdalsmusikk 1975-2015".

# – Ja er bra for nærin

– Eg har tru på ei kommunesamanslåing. Det trur eg er veldig bra for næringslivet, høgskulen og Sørlandsbanen. Det vil vere mykje betre at heile regionen står samla.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Det seier Ingemar Bråten. Han meiner at Sauherad, Nome og Bø passar godt saman og bør slå seg saman til ein kommune. Bråten har oppretta ei Facebook-gruppe for dei som er einige, her går debatten og nokre tvilarar og nokre motstandarar har også ytra seg.

### Viktig for næringslivet

Bråten er også medeigar og dagleg leiar i Østlandske Vei og Betong AS, eit entreprenørfirma med nesten 90 millionar kroner i omsetning i 2014. Han seier at dei er fleire innan næringslivet som meiner det vil vere positivt med ei kommunesamanslåing i Midt-Telemark og som meiner at no er det viktig å få fram dei positive effektane av ei samanslåing.

– Motstandarane har dominert for mykje i media, seier han.

### Økonomien ikkje viktigast

– Nokre seier at kjøtvekta ikkje blir stor nok. Det er eit håplaus standpunkt. Me veit at den blir større og det vil vere mykje betre å stå samla, seier Bråten.

Han seier at han ser det ligg mykje følelsar i debatten.

– Eg høyrer også til dei som

meiner at det vil vere ein økonomisk gevinst ved å slå oss saman. Ein vil spare pengar for eksempel på innkjøp, det ser ein, meiner Bråten.

Men det er ikkje det økonomiske argumentet han er mest oppteken av.

– Eg trur regionen blir meir interessant for næringslivet når den blir større. Det blir enklare å få etablere ting. Dei som vil etablere seg ser på postadressa og spør om det finst arbeidskraft i regionen og om regionen er i støyten. Bø er i støyten og vil dra med seg dei andre, meiner Bråten.

### Viktig for skulane

Han trekkjer fram Høgskulen i Sørøst-Noreg (HSN) i Bø. Sjølv vurderer han å gå inn i eit toårig prosjekt fordi han har tru på Campus Bø.

– Eg gjekk sjølv på den beste fagskulen den gongen, vidaregånde i Lunde. Det er viktig å bevare skulene både i Lunde og på Sjøve. Me veit ikkje kva som skjer med fylkeskommunen og då må me vere større for å kunne behalde skulane, påpeikar Bråten.

– Det vil vere vinn vinn for alle. Me må knuse nokre egg for å lage eggerør. Dei kommunale arbeidsplassane vil vere i den samanslåtte kommunen. Me må legge bort diskusjonen om kor mykje den får og kor mykje den får. Me sparer mykje på å slå oss saman og me ser alle Lifjell, seier Bråten muntert.

### Ligg godt til rette

Han peikar på at det ikkje er man-

ge plassar der det ligg så godt til rette for å slå seg saman som nettopp i Midt-Telemark. Bråten skjønner likevel dei på Hjuksebø som ønskjer seg til Notodden. Han ser også at Helgen og kanskje Ulefoss har nærare tilknytning til Grenland, og meiner det bør vere mogleg å diskutere deling.

Bråten ser også at faren for å få auka arbeidsgjevarsats kan vere negativt for næringslivet i Nome. Men han peikar på at brevet frå kommunalminister Jan Tore Sanner om kva som vil skje med den låge arbeidsgjevar-avgiftssatsen, kan lesast på fleire måtar.

– Det er ikkje avklart kva som vil skje etter 2021. Det er tidlegare sagt frå sentralt hald at ein ikkje ønskjer låg arbeidsgjevarsats i sentrale strøk, påpeikar Bråten.

### Bø åleine nest best


– Vil ein klare å dra saman eller vil det bli stadige lokaliseringsdebattar?

– Eg trur det vil gå seg til. Det er som eit ekteskap, ein må gi og ta, meiner Bråten.

Han meiner det blir feil å sjå på kvar enkeltting som er negativ.

– Dette skal koke i ei gryte og bli god lapskaus. Folk må sjå på kva ein vinn, meiner han.

For Bø sin del meiner Bråten at det nest beste alternativet er å stå åleine. Han trur det er eit dårlegare alternativ for dei andre. Lifjell rundt har han ikkje tru på, det blir å slå saman regionar med for ulik kultur. Han trur også at Seljord passar best i Vest-Telemark.



# Ja til intensjonsavtala

Bø kommunestyre sa torsdag kveld ja til å legge intensjonsavtala for ein ny kommune i Midt-Telemark fram for innbyggjarane. Det same sa politikarane i Nome og Sauherad.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Dermed er første skanse passert. No skal innbyggjarane svare på

om dei ønskjer samanslåing slik avtala skisserer.

– Senterpartiet meiner avtala gir eit tilstrekkeleg grunnlag for at bøheringane kan bestemme seg for om det skal vere tre kommunar eller om ein skal slå seg saman, meinte varaordførar Borgar Kaasa.

Han sa at partiet vil følgje dei råd som ein får ved folkeavstemminga.

– KrF går for samanslåing, sa Kristin Digranes Bøen.

SVs Heidi Troneng sa at det var både for og imot i henn-

ar parti. Sjølv meiner ho at ein treng større og sterkare kommunar. Troneng oppfordra folk til å gi sitt råd.

– Miljøpartiet De Grønne er positivt til å legge avtala framfor folk, sa Ingebjørg Nordbø.

Ho er sjølv i tvil om kva ho skal stemme, men håpar at mange seier si mening.

– Det er delte meiningar om samanslåing, men ikkje delte meiningar om at avtala skal ut på folkeavstemming, sa Jon Halvor Svalbjørg (Ap).

### Ulike løysingar

I Bø og Nome blir det folkeavstemming med stemmerett for alle fødte i 2000 eller tidlegare. I Sauherad vil ein høyre folke-meininga gjennom ei opinionsmåling i staden. Vedtaket vart fatta med minst mogleg fleirtal, 15 mot 14 stemmer.

### Ueinige i vest

Same kveld som dei tre Midt-Telemark-kommunane hadde oppe saka var det også kommunestyremøte i Nissedal, Kviteseid og Seljord. Dei tre kommunane har

også laga ei intensjonsavtale om kommunesamanslåing. Den vart godkjend i kommunestyra i Kviteseid og Nissedal, men ikkje i Seljord. Seljord kommunestyre vedtok ifølgje Vest-Telemark Blad (VTB), å gje forhandlingsutvalet mandat til å be Kviteseid og Nissedal om å forhandle fram ei revidert intensjonsavtale der mellom anna plasseringa av kommuneadministrasjonen blir lyfta fram som eit viktig element.

VTB skriv at forhandlingsutvalet også fekk i mandat å sam-